

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
140/15	Plan- og miljøutvalet	PS	23.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnold Matre	14/1951

Klage på avvisning av ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan Nilshøyen bustadfelt

Vedlegg:

Klage - Reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt Forslag til reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt Søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen Nilshøyen - 06.03.2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet kan ikkje sjå at klagen inneheld nye opplysningar som er avgjerande for utfallet av saka.

Klagen vert ikkje tatt til følgje og vedtak i PMU-sak 098/15 vert oppretthalde.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjer.

Plan- og miljøutvalet - 140/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet kan ikkje sjå at klagen inneheld nye opplysningar som er avgjerande for utfallet av saka.

Klagen vert ikkje tatt til følgje og vedtak i PMU-sak 098/15 vert oppretthalde.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjer.

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet handsama 10.06.15 søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen. Plan- og miljøutvalet avviste saka slik den låg føre.

Klagen gjeld:

Knut og Nina Hjelmtveit har i skriv dagsett 07.07.15 klaga på vedtaket i PMU (PMU- sak 098/15). Dei syner til plan- og bygningslova § 12-12 (jf § 1-9) der dei gjer krav på at sak skal verta prøvd hjå Fylkesmannen. Ut frå søknaden går det fram at dei hevdar at dei har krav på at saka vert lagt fram for kommunestyret.

Vurdering

Administrasjonen tek her ikkje stilling til i kva grad søkjar har krav på å få lagt saka fram for kommunestyret. Denne saka gjeld klage på at Plan- og miljøutvalet i møte 10.06.15 avviste søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen.

Plan- og miljøutvalet hadde i møte 06.03.13 (PMU-sak 31/13) reguleringsplan for Nilshøyen opp til 2. gang handsaming. Dei gjorde då følgjande vedtak:

Fellesframlegg:

Plan og miljøutvalet meiner at tilkomst til tomtane 12, 13, 14 og 15 ikkje kan gå gjennom tunet til Kolaas. Vi bed difor utbyggjar om å leggja fram ei ny vegframføring til desse tomtane.

Plan og miljøutvalet er positive til ei eventuell omdisponering av tomt 8/9 til barnehage, dersom dette gjer rom for ei betre vegløysing.

Kotehøgda på plankartet skal endrastr til 21 moh på tomt 11.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 06.03.2013

I møte 10.06 gjorde plan- og miljøutvalet det klart at søkjarane sine opplysningar i høve eigarskifte på gnr/bnr 172/16 (tunet til Kolaas) ikkje endra på føresetnadane som låg til grunn for deira vedtak 06.03.15. Dei avviste søknaden. Plan- og miljøutvalet vil såleis ta saka opp

til ny 2. gongs handsaming når reguleringsplanen er retta opp i samsvar med PMU- sak 31/13.

I møte 06.03.13 handsama plan- og miljøutvalet saka ut frå dei opplysningar som låg føre. Utvalet var også på synfaring i planområdet. På denne bakgrunn gjorde dei sitt vedtak om at planen måtte endrast før den vart lagt fram for kommunestyre for endeleg vedtak.

Det var ikkje gjort endringar i plandokumenta som grunnlag for Hjelmtveit sin søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen. Ut frå dette vil det vera innanfor plan- og miljøutvalet sin kompetanse å avvisa saka slik den låg føre i møte 10.06.15.